

Referat FAU-møte Bryne skule

Tid: Måndag 3. mars 2025 kl. 19.00-20.00

Stad: Bryne skule, møterom

Saker:

7/25 Sosiale medium

Foreldre på 6. trinn ønsker Barnevakten inn, og lurar på om FAU kan invitera dei. Eller nokon andre. FAU har ikkje så veldig god erfaring med Barnevakten. Men me skal sjå om det finst eit godt alternativ. Me ser om me kan finna eit alternativ som skal bli eit fast innslag i starten av 5. trinn. Me får ikkje noko til i vår. Dei som nå går i 6. klasse får eit godt opplegg i starten av 7. trinn i «Sterk og klar».

Informasjon frå rektor

Tilsetting er ferdig. Har fått ein erfaren frå ein annan kommune.

Infoen om 17. mai kjem frå Gunn Rita snart.

Litt kaotisk med større mjølketilbod.

Omstillinga i Time kommune. Underskot og mykje gjeld. Skulen er ganske skjerma, men støttefunksjonar som ikkje er lovfesta blir redusert. Ramma for Bryne skule har ikkje fått kutt.

6/25 Retningslinjer arrangement/leir i foreldra sin regi

Klassetur for ein klasse på eit trinn blei avlyst fordi dei andre klassane ikkje kunne ut på det same. Reiser med klassar må vera heilt gratis. Skal ein få fri frå skulen, så må det gjelda heile trinn.

8/25 Skolefoto fotograf

Skulefotografar kan ta kontakt med rektor for oppdrag.

9/25 Evaluering trafikkvaktordninga

Alt i alt ei god ordning. Ulikt frå trinn til trinn kor godt oppmøtet er. Det er fint om klassekontaktane får bekrefte at den som skal stå vakt faktisk kan, slik at listene stemmer. Og at dei sender ut påminning dagen før til dei som skal stå vakt. FAU bør kommunisera tydeleg ut korleis vakta skal føregå, og kvifor me har denne vakta. FAU bør også ta kontakt med FAU på ungdomsskulen tidleg på skuleåret for å be FAU på ungdomsskulen om å minna ungdomsskulelevane på å ta omsyn til dei yngre.

Sak 10/25 blir overført til neste møte

Referent: Berit Hetland Nersten